



Saksframlegg

Klimaplan - rullering av handlingsdel

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ungdomsrådet	12/25	07.05.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Ungdomsrådet

Dokument i saka: Klimaplan med handlingsdel
Arbeidsdokument for Vest-Telemark klimaforum

Bakgrunn for saka:

Vest-Telemarkrådet vedtok i 2019 at det skulle setjast i gang arbeid med ein felles klimaplan i Vest-Telemark. Denne planen vart stor og omfattande og Fyresdal kommune vedtok ikkje planen slik som den låg føre. Kunnskapsgrunnlaget vart likt for heile regionen men det vart utarbeidd ein eigen handlingsdel for Fyresdal kommune og planen vart godkjent i juni 2023.

Handlingsdelen i planen skal rullerast kvart andre år. Det er dette arbeidet som no er igangsett, der vi ynskjer innspel frå innbyggjarane i kommunane.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune må vere med å førebygge klimaendringane ved å arbeide etter utvalde delmål i FNs berekraftsmål

Hovudmålet i klimaplanen er heilt likt med resten av Vest-Telemark og det er:

Fyresdal kommune skal redusere det totale klimafotavtrykket frå eiga verksemd, ta vare på naturmangfaldet og vere pådrivarar for klimavenlege løysingar i regionen i samsvar med nasjonale føringar og målsetjingar.

Klimaplanen er sett saman av fleire delområde som alle er viktige i klima-arbeidet og for kvar del er det sett opp forskjellige tiltak.

Delområda i planen er:

Arealforvalting

MÅL: Ta vare på naturen gjennom berekraftig arealforvalting

Jordbruk

MÅL: Auka verdiskaping og berekraftig jordbruk.

Skogbruk

MÅL: Auke det totale opptaket av klimagassar

Sirkulærøkonomi og avfall

MÅL: Frå verdilaust til verdifullt

Transport

MÅL: Reduserte klimagassutslepp frå transport

Innkjøp

MÅL: Redusert klimaavtrykk frå innkjøp

Enøk

MÅL: Redusere energibruk

Det som no skal rullerast er korleis vi i fellesskap kan nå desse måla ved hjelp av tiltak som vi set inn. For at ein plan skal bli gjennomført er det viktig at alle som blir berørt får eit eigarskap til planen ved hjelp av involvering og deltaking. Derfor vert det ikkje tatt med alle tiltaka i denne saka, men vert lagt vekt på det som kan vere interessant og viktig for dykk.

Ungdomsrådet representerer den oppveksande generasjonen og dykkar involvering og innspel til dette arbeidet vil vere viktig for gjennomføringa.

Det har blitt sett ned eit klimaforum i Vest-Telemark med ein representant frå kvar kommune og Vest-Telemarkrådet har rolla som sekretær og pådrivar for koordinering av klimaarbeidet. Sjølv om Fyresdal ikkje har så omfattande handlingsdel som resten er vi likevel med i dette arbeidet på dei tiltaka som vi har i vår plan.

No har vi fått i oppdrag å starte arbeidet med å rullere handlingsdelen. Det vil sei at vi skal ta med dei tiltaka som vi meiner at vi må ha med for å nå måla i klimaarbeidet. Nokon av tiltaka kan vi spare pengar på, medan andre tiltak vil koste pengar å få gjennomført. Slik må det prioriterast kva vi no skal prøve å få gjort i kommande 2-årsperiode innanfor dei økonomiske rammene vi har.

Derfor er vi interessert i kva de ungdomar synest det er viktig å ta med inn i klimaarbeidet på dei områda som er viktige for dykk. Handlingsdelen skal vedtakast politisk til hausten.

Dei andre kommunane har også gått inn for å redusere tiltaka i planen noko. Derfor køyrer vi no felles rullering. Vi i klimaforumet har sett opp kva vi tenker at kan vere med som tiltak og eg tek med nokre her som kan ha innverknad for dykk. Så kan det vere andre ting som de meiner er viktige og som vi ikkje har tenkt på. Ting de syns er viktige i klimaarbeidet vil eg ta med vidare inn i arbeidet til klimaforumet.

Sirkulærøkonomi og avfall

- Informasjonsmøte på sirkulærøkonomi og fokus på kjeldesorteringsgraden og redusere mengde matsvinn i kommunane. Ansvar: Kommunane, næringslivet, frivillige lag og organisasjonar
- Oppmode til byttedagar/bruktdagar/reperasjonsdagar som blir arrangert av ulike aktørar. Ansvarlege: kommunane, ungdomsråd, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar

- Ta initiativ til innsamlings- og ryddeaksjonar. Ansvarlege: kommunane, renovasjonsselskapa
- Opprette ombrukbruksordning på avfallsstasjonane i kommunane. Ansvarlege: kommunane og renovasjonsselskapa

Transport

- Tilrettelegging for meir sykling i nærområda. Ansvarleg: kommunane

Enøk

- Sørge for informasjon til innbyggjarane og næringslivet om enkle energisparetiltak, oppgraderingar og rehabiliteringstiltak i eigen bustad. Ansvarlege: kommunane og Vest-Telemarkrådet

Konklusjon:

Det er viktig med god involvering frå partar det gjeld for å få eit godt gjennomført tiltak i ein plan. Derfor vil vi gjere ha tilbakemeldingar frå ungdomsrådet om kva de tenker er viktig i klimaarbeidet og kva vi bør prioritere for å nå dei mål vi har sett oss.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Saka kjem utan innstilling

Behandling i Ungdomsrådet - 07.05.2025

Forslag frå H. B. Haakenstad (Ungdomsrepresentant)

Fyresdal ungdomsråd syntes at de framlagte tiltaka i klimaplanen er gode og har ingen tilleggs merknadar.

Resultat av votering

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 07.05.2025

Fyresdal ungdomsråd syntes at de framlagte tiltaka i klimaplanen er gode og har ingen tilleggs merknadar.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Elin Skålid
	rådgjevar landbruk